

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Fredag 24.6.2011
Stad: Gol, Eidsgaard hotel

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen

Rådmannsutvalet deltok i sak 32 - 35 og delvis 39.

SAK 32/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.5.2011

Vedtak

Møteprotokoll 27.5.2011 vart vedteke.

SAK 33/11 ORIENTERING OM STATUS HALLINGDAL BARNEVERN TENESTE

Björgulv Noraberg orienterte kort om status Hallingdal Barnevernteneste.

Det syner seg at talet på henvendelsar har auka sterkt etter samanslåinga.

Landsstatistikk frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fortel den same historia. Auken i talet på bekymringsmeldingar er spesielt sterk når småkommunar går saman om interkommunale barnevernstenester. Hovudforklaringa er fyrst og fremst at folk vegrar seg for å slå alarm (alle kjenner alle).

Når det gjeld løysingar for kompensasjon for barnevernsvakt som no er lagt ned vil det bli lagt fram skisser til løysing i september.

SAK 34/11 SØKNAD TILSKOT PROSJEKT- OG DRIFTSARBEID I HALLINGDAL I HALLINGKOST

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal meiner det no er svært viktig å føre vidare det arbeidet som er utført av Hallingkost BA dei siste åra.
2. Regionrådet rår til at kommunane i Hallingdal totalt yter eit årleg driftstilskot på kr. 200.000 pr. år, i ein tre-års periode (6 mnd. 2011, 2012, 2013, 6 mnd. 2014).
3. Regionrådet rår til at følgjande fordelingsnøkkel vert nytta:
Grunnbeløp. Alle kommunar betalar kr. 10.000 som eit grunnbeløp.
Resten, kr. 140.000 blir delt i to like delar.
 - a. 50 % av beløpet blir delt etter folketal.
 - b. 50 % av beløpet blir delt etter talet på medlemmer i den einskilde kommune.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om ei årleg attendemelding om drift og økonomi.

SAK 35/11 SØKNAD OM REGULERING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL STIFTELSEN HALLINGDAL MUSEUM

Vedtak

1. Regionrådet rår til at kommunane i Hallingdal indeksregulerar sine tilskot til Hallingdal Museum frå og med 2012 med forslagsvis 10%.
2. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommunen følgje opp dei forventingane som staten gav i samband med konsolideringa av musea i 2002/2003.

SAK 36/11 ORIENTERING OM SØKNAD OM STØTTE TIL DIGITALISERING VED FOLKEMUSIKKARKIVET I BUSKERUD.

Saka vart utsett til møte 26.8.2011

SAK 37/11 SØKNAD OM UTVIKLINGSMIDLAR TIL HALLINGDAL ETABLERARSENTER 2011

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 225.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2011.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.
3. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommune vurdere om ikkje tilskot til dei regionale etablerersentra blir vurdert som eit regionoverskridande tiltak, slik det var før 2009.

SAK 38/11 SØKNAD OM STØTTE PILOT NICE VIEW STUDIO

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 400.000,- i tilskot til etablering av Nice View Studio AS.
2. 75% av tilskotet kan utbetalast når søkjar kan dokumentere at prosjektet er fullfinansiert med 4 mill. kr., og selskapet Nice View Studio er etablert som AS.
3. Tilskotet er øyremerkte investeringar i selskapet, samt dekning av kostnader til marknadsføring og promotering av animasjonsfilmen og filmprosjektet Rampus.
4. Regionrådet for Hallingdal legg vekt på at etableringa er eit prosjekt for heile Hallingdal. Ut frå dette forventar Regionrådet at etableringa blir profilert som eit Hallingdalsprosjekt.
5. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

SAK 39/11 EVENTUELT

ID-kontroll

Skattedirektoratet har foreslått at ID-kontroll berre skal skje 29 stader i Norge.

Dei som er i Norge under 6 månadar (t.d. sesongarbeidarar og frå alle land) skal ha D-nummer. Ordninga vil og gjelde dei som er på asylmottak og får opphald.

Og for dei som skal opphalde seg lenger, og som må søke om innflytting til Norge. Dei vil få fødselsnummer i staden for D-nummer.

Utgangspunktet for saka er m.a. erfaringar i forhold til falsk identitet.

Og problemet i distrikta (slik eg har vorte fortalt) kan bli handtering av situasjonar, der personar skulle bli teke hand om av politiet, men ressursane ikkje er der.

Det er signaliser at frå 1.11.2011 kan det bli slik at m.a. dei som skal ha D-nummer ikkje får det i Hallingdal, men må møte fysisk opp i Drammen eller Oslo.

For Hallingdal vil dette bli ei mykje dårlegare teneste og tungvint for den einskilde og næringslivet t.d. reiselivet og entreprenørbransjen.

I 2010 var det for kommunane i Hallingdal registrert totalt ca. 2000 d-nummer. I tillegg var det ca.1000 skattyttarar som hadde innvandra og difor måtte få ordinære personnummer. Desse blir også omfatta av id-kontrollen.

For å få fram Hallingdal sine synspunkt skal det skrivast eige brev til Skatt Sør. I tillegg er Martin Kolberg orientert om saka.

Fylkestannlege

Erik Kaupang tok opp spørsmål korleis tannhelsetenesta i Buskerud fungerte i Hallingdal, som eit fylkeskommunalt foretak. Det er uro i forhold til signal om nedlegging av tannklinikkar i Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal følgjer opp saka med brev til fyllestrådmannen i Buskerud.

Ål 10.7.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar